



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 19/804	Løpenr: 21/768
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Arbeidsmiljøutvalet	08.03.2021	007/2021
Kommunestyret	22.04.2021	029/2021

Vurdering av ordninga med politiske arbeidsgjevarrepresentantar i arbeidsmiljøutvalet**22.04.2021 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Arbeidsmiljøutvalet si innstilling fall med 7 mot 14 røyster. Dette inneber at det ikkje vert gjort endringar i samansetnaden av arbeidsmiljøutvalet.

Imot	For
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Steinsland (Bl)
Lena Tveit (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Jon Magne Bøgevik (Ap)
Martin Haugen (Bl)	Harald Bøge (Ap)
Ove Totland (Bl)	Arild Røen (H)
Solveig Vassenden (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Karl Bård Kollbotn (Frp)	
Monica Tjønnå (Sp)	
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Oskar Røen (MDG)	

KS- 029/2021 Vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet si innstilling vert ikkje vedteke.

08.03.2021 Arbeidsmiljøutvalet:

Handsaming i møtet:

Kort diskusjon for og i mot å ha med politikarar i arbeidsmiljøutvalet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AMU- 007/2021 Vedtak:

På bakgrunn av tolkingsuttale frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 11.09.2020, vert det gjort følgjande endringar i samansetnaden av og kven som upeikar arbeidsgjevar sine representantar i arbeidsmiljøutvalet i Samnanger kommune:

- Det skal ikkje lenger vera folkevalde representantar i arbeidsmiljøutvalet.
- Arbeidsgjevar sine representantar i arbeidsmiljøutvalet vert utpeika av rådmannen.

Arbeidsmiljøutvalet skal framleis ha seks representantar, tre frå arbeidsgjevar og tre frå arbeidstakarane.

Endringane gjeld med verknad frå 01.05.2021.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

På bakgrunn av tolkingsuttale frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 11.09.2020, vert det gjort følgjande endringar i samansetnaden av og kven som upeikar arbeidsgjevar sine representantar i arbeidsmiljøutvalet i Samnanger kommune:

- Det skal ikkje lenger vera folkevalde representantar i arbeidsmiljøutvalet.
- Arbeidsgjevar sine representantar i arbeidsmiljøutvalet vert utpeika av rådmannen.

Arbeidsmiljøutvalet skal framleis ha seks representantar, tre frå arbeidsgjevar og tre frå arbeidstakarane.

Endringane gjeld med verknad frå 01.05.2021.

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Tolkingsuttale frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/sporsmal-om-valg-av-medlemmer-til-arbeidsmiljoutvalget/id2741223/>)
- Arbeidsmiljølova (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-62>)
- Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning (<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-12-06-1355>)

Kva saka gjeld:

På bakgrunn av reglane i arbeidsmiljølova har Samnanger kommune eit arbeidsmiljøval (AMU). Etter reglane i AML § 7-1 skal arbeidsgjevaren og arbeidstakarane ha like mange representantar i AMU. I Samnanger har AMU seks medlemmer, og me har i mange år hatt ordning med følgjande arbeidsgjevarrepresentantar i AMU:

- To folkevalde/politikarar (for tida Knut Harald Frøland og Harald Boge)
- Rådmannen

Kommunestyret vedtok 24.10.2019 (sak 064/2019) at ordninga med to folkevalde arbeidsgjevarrepresentantar i AMU skulle halda fram. Kommunestyret valde i den same saka arbeidsgjevarrepresentantar for valperioden 2019-2023.

Reglar om utpeiking/val av representantar til arbeidsmiljøutval står i § 3-7 i forskrift til arbeidsmiljølova (forskrift om organisering, ledelse og medvirkning).

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) kom i september 2020 med ein tolkingsuttale om val/utpeiking av arbeidsgjevarrepresentantar i AMU. Bakgrunnen for tolkingsuttalen er at departementet sommaren 2020 fekk inn spørsmål om kommunestyret kan velja arbeidsgjevar sine representantar i AMU, eller om det er kommunedirektøren (rådmannen) som har mynde til å utpeika desse representantane. KMD konkluderer slik i tolkingsuttalen:

- *«På bakgrunn av dette antar departementet at det er kommunedirektøren som skal peke ut arbeidsgiverens representanter til arbeidsmiljøutvalget. Arbeidsmiljøutvalget er et administrativt organ, og kommunestyret skal ikke velge medlemmene.»*

Bakgrunnen for konklusjonen er mellom anna at AMU ikkje er eit folkevald organ som er oppretta med heimel i kommunelova. KMD skriv også at dei vil anta at arbeidsmiljølova ikkje heimlar rett for kommunestyret til å velja medlemmene til AMU, og at slik rett neppe kan utledast av verken lovteksten eller forarbeida til arbeidsmiljølova.

På bakgrunn av KMD sin tolkingsuttale, ønskjer rådmannen at det vert vurdert om samansetnaden av AMU i Samnanger kommune skal endrast. Konkret går dette på om kommunen framleis skal ha folkevalde representantar i AMU, eller om me skal gå over til ordning der rådmannen peikar ut arbeidsgjevarrepresentantane.

Det er ikkje fastsett reglement for arbeidsmiljøutvalet i Samnanger kommune.

Vurderingar og konsekvensar:

Det vert presisert i den nemnde tolkingsuttalen at KMD ikkje har ansvaret for arbeidsmiljølova, og at dei på generelt grunnlag er forsiktige med å tolka lover som andre departement har ansvar for. Det er Arbeids- og sosialdepartementet som har ansvar for arbeidsmiljølova. Så vidt rådmannen kan sjå, har Arbeids- og sosialdepartementet ikkje medverka i arbeidet med tolkingsuttalen.

Frå rådmannen si side vil det vera ønskeleg at AMU vert eit reint administrativt organ, der rådmannen oppnemner arbeidsgjevarrepresentantane. Det vil med ei slik ordning ikkje lenger vera folkevalde arbeidsgjevarrepresentantar i AMU. Ut frå oppgåvene som AMU har, er rådmannen si vurdering at det vil vera føremålstenleg at AMU vert eit reint administrativt organ. Det må i så fall finnast andre måtar å sikra at politisk nivå i kommunen får nødvendig informasjon om AMU si verksemd, samt at politisk nivå får rapportering om arbeidsmiljøet/arbeidsmiljø saker i kommunen.

Rådmannen foreslo også i saksutgreiinga til kommunestyresak 064/2019 ei ordning der rådmannen skulle peika ut dei to andre arbeidsgjevarrepresentantane i AMU. Bakgrunnen for dette var mellom det utvida arbeidsgjevaransvaret som rådmannen har fått i den nye kommunelova i forhold til i den gamle. Saksutgreiinga i sak 064/2019 vart skriven før tolkingsuttalen frå KMD kom, og tolkingsuttalen endrar på føresetnadene som låg til grunn for saksutgreiinga. I saksutgreiinga i sak 064/2019 la rådmannen til grunn at kommunestyret har mynde til å peika ut arbeidsgjevarrepresentantar til AMU, og at kommunestyret kan velja å delegera dette myndet (for eksempel til rådmannen). Ifølgje KMD sin tolkingsuttale har kommunestyret neppe mynde til å peika ut arbeidsgjevarrepresentantane til AMU, i staden ligg dette myndet til rådmannen.

Rådmannen ønskjer AMU vurderer om det på bakgrunn av tolkingsuttalen frå KMD bør gjerast endringar i samansetnaden av utvalet. Rådmannen tilrår at det vert gjort endringar i samansetnaden. Endeleg avgjerd må takast av kommunestyret, jf. kommunestyret sitt vedtak 24.10.2019 i sak 064/2019.

Det går fram av punkt 10.1 i kommunen sitt delegeringsreglement at AMU har innstillingsrett til kommunestyret i saker innanfor AMU sitt saksområde, når saka er av ein slik karakter at endeleg vedtak skal gjerast av kommunestyret.

